

Helseteamet ved Radøy ungdomsskule

Dette tverretatlege helseteamet er sett saman av: Leiar Barne og familietenesta, skulehelsesyster i Radøy, barnevernskonsulent frå Radøy sosialkontor, psykolog frå PPT, sosiallærer, miljøarbeidar og rektor ved Radøy ungdomsskule.

A: Føremål

1. Helseteamet vårt skal ha eit sakshandsamings- og konsultasjonsføremål.
2. Sakshandsamingsføremålet går ut på at problemet skal belysast. Få avklart kven som har ansvar for kva og koordinere tiltak og løysingar.
3. Konsultasjonsføremålet går ut på å gje hjelp til hjelpar. Det er hjelparen sitt problem overfor den som treng hjelp som står i fokus. Hjelpa skal rettast inn mot kva hjelparen kan gjere annleis for å få ein betre situasjon.
4. Helseteamet skal ikkje ha sjølvstendig dokumentasjonsansvar. Den som tar opp ei sak, har sjølv ansvar for å dokumentere og ajourhalde arkiv.
5. Som deltakar i teamet kan ein ikkje gå ut over dei fullmaktene som ein har frå sin etat.

B: Reglar som skal gjelde for helseteamet

1. Gjensidig respekt for ulikt syn.
2. Vere open for kvarandre sine faglege utgangspunkt.
3. Teieplikt innafor gruppa.
4. Alle forpliktar seg til å møte på alle møta.
5. Det skal lagast møteplan.
6. Helseteamet skal møtast på Radøy ungdomsskule ein gong kvar månad. Møtedag er onsdagar. Møta tek til kl 12.30 og skal vere avslutta innan kl 14.00.
7. Utan om dei faste medlemmene skal dei som saka gjeld ha høve til å vere med på møtet.
8. Alle deltakarane i helseteamet kan melde saker. Når ei sak skal "handsamast", skal det hentast inn informert samtykke. Det er likevel høve til å drøfte saker anonymt.
9. Møteplanen gjeld som innkalling til møta. Dersom det er naudsynt kan medlemmene ta kontakt med kvarandre før møtet.

